



## MØTEBOK

Tidspunkt: Torsdag 20.10.22 kl 1800

Stad: Raulandshuset, Kapellet

**Desse møtte:**

Jarle Nordjordet, Marit Kåsa, Tor Aage Dale, Ane Killingtveit

**Meldt forfall:** Halvor Fehn

**Andre til stades på møtet:**

Rune Aarhus, sekretær

Saker til styremøtet:

Sak 15/22: Reinsjakt 2022

Sak 16/22: Samarbeidsavtale Fjellstyra på Hardangervidda AS og Rauland FS

Sak 17/22: Sosiale media

Sak 18/22: Ymse

*Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet*

Jarle Nordjordet/s/

Marit Kåsa/s/

Tor Aage Dale /s/

Ane Killingtveit/s/

## Sak 15/22: Reinsjakt 202

### **Saksdokument:**

#### **Saksutgreiing:**

Rauland Fjellstyre fekk tildelt 59 kort, samt 12 kort frå avtala med Ulvik fjellstyre. Totalt 71 kort. 6 av korta vart seldt til 3 utanbygds jegerar og 45 innanbygds tok ut kort, med tilleggskort vart det tatt i bruk 57 kort, dvs det stod 14 kort igjen som me ikkje fekk solgt.

På korta er det skote:

Bukk 2 ½ år eldre	4
Bukk 1 ½ år	1
Simle 2 ½ år eldre	8
Simle 1 ½ år	1
Simlekalv	5
Bukkekalf	3

Totalt 22 dyr, der 7 av desse er skore på kalvekort.

På fri- og bukkekort vart då fellingsprosenten for Rauland SA 30,1 medrekna salskorta frå Ulvik fs.

Det er ikkje motteke meldingar om særskilte hendingar i jakta på allmenningen.

Det er registrert 1 funn av CWD i simle etter prøvetaking under jakta. Det er for tidleg å seie noko om kva anbefalingar som evt vil kome i samband med dette og vidare forvaltning.

### **Forslag til vedak:**

Informasjonen vert teke til orientering.

### **Referat:**

Gjennomgang ved sekretær og litt drøfting rundt årets jakt. Mykje usikkerhet rundt kva som skjer vidare med tanke på CWD situasjon. Usikkert kor lenge det vert jaktinntekter lik siste år mm.

Vart tatt opp situasjonen med telting rundt i terrenget under reinsjakta. Fleire i styret tar til tale for å setje opp teltforbod utanom tilknyting til hyttene. Både for å unngå telt i jaktterreng og trekk, men også for å unngå vidare forsøpling. Eit av argumenta er at det er lett å dra med ekstra mykje inn no når det er helikoptertransport, døme er i enden av Store Meinsvatn. Dette blir evt tatt opp som eigen sak på årsmøte.

### **Vedtak:**

Informasjonen vert teke til orientering.



## Sak 16/22: Samarbeidsavtale Fjellstyra på Hardangervidda AS og Rauland FS

### **Saksdokument:**

Samarbeidsavtale 2023 – 2027 mellom Rauland FS og Fjellstyra på Hardangervidda AS.

### **Saksutgreiing:**

Fjellstyra har fått tilsendt revidert samarbeidsavtale mellom fjellstyra og Fjellstyra på Hardangervidda AS for 2023 - 2027. Det ligg frist om tilbakemelding 25. oktober.

Føremålet med avtala å regulere tilhøva mellom det enkelte fjellstyre og Fjellstyra på Hardangervidda AS (FH). Dei tilsette i FH (fjelloppsyn) skal vera fjellstyra sitt feltapparat og fjellstyra sin administrasjon. Vidare er FH eit regionpolitisk samarbeidsorgan mellom fjellstyra som ikkje blir regulert av denne avtala.

Økonomien ligg opp til at kvart enkelt fjellstyre forpliktar seg til eit minimumskjøp av tenester utifrå areal, for Rauland FS vil dette i 2023 innebere minimum 33.793,- (dette vil aukast i tråd med kostnadsauken). Det står merknad «*Skulle betalingsevna til fjellstyret tilseie at denne forpliktelsen ikkje kan haldast i avtaleperioden, kan beløpet endrast*».

Avtala regulerar elles oppgåver som fjelloppsynet utfører og kan utføre. Det ligg og klart kva instruksar og korleis reguleringa av arbeidstilhøvet er. Dagleg leiar i FH (Georg Gjøstein) har eit overordna ansvar i høve tenestene som vert levert til fjellstyret.

### **Framlegg til vedtak:**

Avtala vert vedteke slik den ligg føre.

### **Referat:**

Gjennomgang av avtalas sentrale punkt ved sekretær.

### **Vedtak:**

Avtala vert vedteke slik den ligg føre.

## Sak 17/22: Sosiale media

### **Saksdokument:**

### **Saksutgreiing:**

Det vart i vår drøfta moglegheita for ein informasjonskanal gjennom sosiale media for bla å lette trykket på telefonar og e-postar for fjellstyremedlemmar og sekretær. Samstundes kunne td ein kanal via facebook (FB) kunne leggje ut bilete mm frå jakta. Sekretær fekk i oppgåve å sjekke ut kva andre fjellstyre nyttar og erfaringar for så å ta opp igjen saken i haust.

Per i dag har Røldal, Ulvik, Øvre Numedal og Ullensvang eigne sider på FB. Eidfjord og Rauland er dei fjellstyra som ikkje har fb. Ingen av desse har andre kontoer som td instagram eller snapchat ell. Likevel finn ein att fotoinnlegg fleire stadar knytt til ulike fjellstyre på instagram med bilete av natur, jakt eller



fiske der eit fjellstyret er merka med ein hashtagg. Dette kan i seg sjølv vere ein god marknadsføringseffekt om ein tenker å auke bruken av området, men dette lever i stor grad av seg sjølv.

Det mest aktuelle for Rauland FS vil i så fall vere ei eiga side på fb der ein kan informere og leggje ut litt om kva som skjer. Dette vil vere knytt til lenker opp mot heimesida eller anna informasjon som må raskt ut i løpet av td jakta. Erfaringsmessig seier sekretær for Øvre Numedal FS at det innimellom kjem meldingar på fb med spm som kan vere krevjande å fylgje opp, då er det viktig å adressere forespørslar via e-post eller tlf.

Dersom det vert oppretta ei fb side vil det først og fremst krevje litt jamleg vedlikehald og utlegging av nytt stoff. Elles vil sida «dø» litt ut. Dette ser me forskjell på frå dei ulike fjellstyrene, men dei som klarer å halde litt liv med enkelte bilet og informasjon om tilbod og relevant stoff nyttar sida godt som informasjonskanal og vil nok gjere fleire bevisste på det tilbodet Rauland Fjellstyre kan tilby både innanbygds og utanbygds.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Styreleiar påpeikar at det har vore mindre telefonar i år enn tidlegare. Drøfta litt at det er kanskje viktigare å oppdatere heimesida godt enn å opne ein ny informasjonskanal.

**Vedtak:**

Rauland Fjellstyre ynskjer ikkje å ta i bruk sosiale media.

Sak 18/22: Ymse

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

**Referat:**

Det vart på møtet tatt opp følgjande tema:

- Nye fiskegarn på Store Meinsvatn

Mange av garna er dårlege og slitte. Behov for nye.

- Kjøpe inn fleire kjøttkrokar

Mange henger kjøt i båthuset, trengs då fleire krokar. Betre enn stativa der kjøtet heng ute.

- Ta vekk søppel som er funne ved utløpet av Store Meinsvatn (madrass, ølflasker mm.)

Få rydda opp dette, hive det i båt og få det bort til hytta for uttransport. Viktig å halde horden for å unngå meir forsøpling.



- Feiring av hytter

Sjekke ang feiring om feivesenet faktisk tar denne oppgåva.

- Deltaking på haustmøte

Avsjekk av kven som ynskjer å dra, i år vert det i Skurdalen.

- Dugnad, organisering og utlysing

Passe på at alle som ynskjer har moglegheit. Presisere i tekst på nettside at det kun er for innanbygds.

- Årsmøteannonsering

Ynskjeleg å starte med å lyse ut årsmøte i VTB.

- Vurdere eige uthus også på Kostveit. Betre løysing med tanke på utedassen, vurdere då å byggje om dagens utedass til oppsynsrom likt Store Meinsvatn og leige ut til Fjelloppsynet.

#### Vedtak:

- Jarle sjekkar ut innkjøp på Fiskegarn.
- Marit sjekkar ut om Kristian får produsert nokre fleire krokar.
- Sekretær tar og samlar opp søppel og får frakta til hytta for seinare uttransport.
- Sekretær sjekkar ut med feiarvesenet ang feiring av hyttene.
- Tor Åge og sekretær reiser på haustmøtet i slutten av november.
- Sekretær endrar tekst på nettside til at alle innabygds har moglegheit til å melde seg på dugnad. Gjere dette godt synleg og gjennomsiktig at det er trekking av turar på skuter mm. Unngå at dette blir eit «tema», men ha ei rettferdig fordeling og presisere ved anledningar at dette er for alle innanbygds å melde seg på dugnadslistar. Det skal vere nye lister kvart år.
- Gjere Fjellstyre meir «synleg» ved at sekretær bla annonserar årsmøte som skal vere opne for alle med allmenningsrett.
- Sekretær sjekkar ut søknadar med tanke på å byggje om på Salpytt.

